

for dei fleste butikkar sel alkohol, og det kan vera ei stor freistung for mange av våre bebuarar. Enkel tilgang til lege og apotek kan også føre med seg freistinger for våre bebuarar, for mange har vanskar med tablettermisbruk. Knarvik senter med lege, Nav, psykolog ,oa er ikkje lenger vekke frå oss enn ein halv times kjøretur. Mange av våre bebuarar vert følt opp av psykolog og lege både i Knarvik og i Bergen. Rusomsorg Vest, Nappane, er omrent dagleg til Knarvik slik at våre bebuarar vert godt ivaretatt når det gjeld både butikk, lege osv. Det er elles å nemna at mange rusmisbrukarar slit med sosial angst og vil helst vera i eit tilbaketrekt, skjerma miljø.

9. Ingen fleire kommentarar enn det som er blitt poengert i punkt 8.

10. Rusomsorg Vest, Nappane meiner at barn og unges interesser er ikkje tilstadesett ved gitt dispensasjon. Vi har ikkje bebuarar under 18 år, men vi har ungdom som vi tek vare på, ja på best mogleg måte. Dette er ofte ungdom som er blitt traumatisert på grunn av ein usikker barndom ofte prega av alkohol, vold og omsorgsvikt. Vi prøver gjennom vårt arbeid å gi dei den kjærleiken og tryggleiken dei har mangla i sine liv. Mange av våre bebuarar seier at når dei kom til Rusomsorg Vest, Nappane, blei dei møtt med kjærleik og respekt, og dei uttaler at det er godt å vera på Nappane for her herskar det fred. Vi vil sjølv sagt ikkje at barn i bygda skal oppleve å bli trua medan dei ventar på bussen, og vi vil gjerne få beskjed om dette dersom det skjer, men vi har aldri hørt om slike episodar.

Sjølv sagt har mange av våre bebuarar barn, og det hender at dei har kontakt med sine barn, men det er sjeldan. Samværsretten med sine barn brukar dei stort sett andre stader enn på Nappane. Elles har mange av våre bebuarar brotne relasjoner til sine pårørande slik at det er sjeldan pårørande kjem til Nappane på besøk, men brotne relasjoner er noko vi gjerne vil hjelpe våre bebuarar å opprette att, og vi hjelper gjerne med å leggje til rette for pårørande og bebuarar sine barn om dei vil koma på besøk. Mange av våre bebuarar kjem gjerne frå andre kantar av Norge enn nærområdet til Nappane, så dette òg er ein naturleg medverkande årsak til at bebuarane får lite besøk. Det er elles òg Rusomsorg Vest, Nappane, sitt ansvar å skjerme bebuarane for ukjente og for mange besøkjande.

11. Kulturminna knytt til tidligare pinsemenighet Zoar, Nappane, er viktig å ta vare på. Den gamle kulturen med bibelveker, barneleirar, Hvilehjemmet for omreisande evangelistar, er for lengst historie, men *minnene* kan vi ta vare på. Vi vil likevel hevda at Rusomsorg Vest, Nappane, sin måte å drive institusjon på er nærmere den gamle Pinsebevegelsekulturen enn måten mange Pinsemenigheter i dag driv på. Rusomsorg Vest, Nappane, kan ikkje sjå at gitt dispensasjon er eit trugsmål mot kulturminna og dokumentasjon i høve dette. Det er usikkert om ein reguleringsplan vil ta meir vare på dette enn slik det vert gjort i dag.